



Fylkesmannen i Aust-Agder

Miljøvern avdelingen

Vår dato: 21.1.2013 Vår referanse: 2012/1475/FMAAINO

Saksbehandler, innvalgstelefon
Ildikó Nordensvan, 37 01 75 51
e-post: fmaaino@fylkesmannen.no

Arkiv nr. Deres referanse

Inspeksjonsrapport

Brokke vatn og avlaupsverk AS c/o Nomeland maskiner AS
4748 Rysstad

Inspeksjon ved Brokke vatn- og avlaupsverk AS

Dato for inspeksjonen: 27.11.2012
Rapportnummer: 2012.055.I.FMAA
Saksnr. hos Fylkesmannen: 2012/1475/FMAAINO

Kontaktpersoner ved kontrollen:

Frå verksemda: Steinar Nomeland
Per Olav Kvitli

Frå Fylkesmannen: Eva Boman
Ildikó Nordensvan

Resultat frå inspeksjonen

Denne rapporten beskriver resultat frå inspeksjonen. Hovudtema for kontrollen var vilkår i utsleppsløyve av 20.8.2008, utsleppsdata frå avløpsverket, rutinar for eigenrapport og internkontrollsystem med tilhøyrande risikovurdering.

Fylkesmannen avdekte 3 hovudavvik under inspeksjonen:

- **Kontroll med og oppfyljing av reinsekrav for utslepp til vatn er ikkje halde**
- **Manglande overvåkingsprogram**
- **Internkontroll for avlaupsanlegget innanfor ytre miljø er ikkje tilfredsstillande**

Vi ber verksemda om ein skriftleg stadfesting innan **30. mars 2013** på at avvika er retta. Oppfølging etter inspeksjonen er nærare omtala på side 3.

Rapporten er elektronisk godkjent og sendast utan underskrift

21.1.2013
Dato

Ildikó Nordensvan
kontrollør

Eva Boman
seniorrådgjevar

Informasjon om verksemda

Eigd av: 984 099 118	Org. nummer: 984 125 917
Besøksadresse: Brokke, Rysstad	Telefon: 37 93 47 00
Bransjenr. (NACE-kode): 36.000	E-post: steinar@nomeland.no

Kontrollert anlegg

Namn: Brokke vatn- og avlaupsverk	Anleggsnr: 0940.0012.01
Kommune: Valle kommune	Anleggsaktivitet: Avlaupsnett og reinsing
Løyve sist oppdatert: 20.8.2008	Risikoklasse: 3

Bakgrunnen for inspeksjonen:

Fylkesmannen fører tilsyn for å førebyggje og avdekke forureining av ytre miljø. Brokke vatn- og avlaupsverk har fått utsleppsløyve den 20.8.2008 til å sleppe ut reinsa avlaupsvatn til Otra i Valle kommune etter kapittel 14 i forureiningsforskrifta. Tanken bakom tilsynet vert å kontrollere korleis ein følgjer opp vilkåra i utsleppsløyvet og miljøregelverket.

Verksemda har plikt til å rapportere om utsleppsdata til Fylkesmannen kvart år. Rapporteringa frå verksemda og prøvetaking av avløpsvatn var mangelfull i 2011 og 2012. Fylkesmannen følgjer difor særskilt opp verksemda sine rutinar for rapportering i det tilsynet og i denne rapporten.

Følgjande hovudtema blei kontrollerte:

- oppfølging av krav i forureiningsforskrifta kapittel 14 og utsleppsløyve av 20.8.2008
- drift av reinseanlegg og reinsekrav til anlegget
- drift og fornying av leidningsanlegg
- utsleppsdata frå 2012
- internkontroll (risikovurderingar og avviksbehandling)

Regelverk

- Lov om 13. mars 1981 nr. 6 om vern mot forurensningar og om avfall (forureiningslova)
- Forskrift om begrensning av forurensning (forureiningsforskrifta).
- Forskrift 6. desember 1996 nr. 1127 om systematisk helse-, miljø- og sikkjerhetsarbeid i virksomheter (internkontrollforskrifta)
- Løyve til avlaupsanlegga, gitt av Fylkesmannen etter forureiningslova

Informasjon om regelverk finn du på www.klif.no og www.regelhjelp.no

Definisjonar

Avvik: manglande etterleving av krav fastsett i eller i medhald av lov.

Merknad: eit forhold som miljøvernmyndigheitene meiner det er nødvendig å påpeike for å ivareta ytre miljø, men som ikkje er omfatta av definisjonen for avvik.

Oppfølging etter kontrollen

Rapporten omhandler avvik og merknader som vart avdekte under inspeksjonen og gir ikkje ei fullstendig tilstandsvurdering av miljøarbeidet eller miljøstatus i verksemda.

Verksemda pliktar snarast å rette opp dei avvika som er omtala i denne rapporten. Me ber verksemda om ei skriftleg stadfesting med dokumentasjon innan 30. mars 2013 på at avvika er retta.

Varsel om tvangsmulkt

Fylkesmannen varslar med dette at me vil fatte vedtak om tvangsmulkt på kr. 25.000,-, jf. forureiningslova § 73, dersom me ikkje har motteke ei stadfesting med dokumentasjon på at avvika er retta innan 30. mars 2013.

Tvangsmulkta vil kome til dersom Fylkesmannen ikkje har motteke ei stadfesting på at avvik er retta innan 4 veker etter at vedtaket om tvangsmulkt vart fatta.

Verksemda har høve til å kommentere dette varselet. Eventuelle kommentarar må sendast til Fylkesmannen innan 2 veker etter at denne rapporten er motteke, jf. § forvaltningslova § 16.

Varsel om kontrollgebyr

Verksemda skal betale gebyr for kontrollen, jf. forskrift om begrensing av forurensning § 39-6, gebyr for kontroll i verksemdar med løyve. Dette inneber at verksemda skal betale: kr 11 600,- i gebyr for den gjennomførte inspeksjonen. Faktura med innbetalingsblankett vert ettersendt frå Klima- og forureiningsdirektoratet.

Avvik

Det ble funne følgjande avvik under kontrollen:

- Avvik 1: Kontroll med og oppfyljing av reinsekrav for utslepp til vatn er ikkje halde.**

**Avvik frå Forureiningsforskrifta § 14-10, § 14-11.
Utsleppsløyve av 20.8.2008 pkt. 2.1. og 2.2**

Grunnlag for avviket er kryssa av nedanfor:

- 1A) Verksemda tar ikkje representative prøvar frå innløppet jf. utsleppsløyve pkt. 2.0. og § 14-10.
- 1B) Det blei ikkje teke ut tilstrekkeleg kontrollprøvar i høve til utsleppsløyve pkt. 2.2, jf. § 14-11.
- 1C) Verksemda har ikkje dokumentasjon på at måling av vassføringa er innanfor ei uvisse på maksimum 10%, jf. § 14-11.

Kommentar

Om representativ prøvetaking

Ein resirkulerer avløpsvatnet i reinseanlegget for å oppnå permanent god nok biologisk reinsing. Prøvetaking i innløpet skjer i ei blanding av reinsa og tilført vatn. Dette tyder på at ein ikkje har teke representative prøvar av innløpet. Det står i forureiningsforskrifta § 14-10 at reinseanlegget skal utformast slik at ein kan ta representative prøvar av det tilførte avløpsvatnet og av det reinsa avløpsvatnet. Vi har forstått det slik at det er mogeleg å stanse resirkulering når prøvetaking skjer, slik at ein kan ta prøvar av det verkeleg tilførte avløpsvatnet.

Vi minner òg om at prøvane skal takast ved hjelp av eit automatisk mengdeproporsjonalt prøvetakingssystem, jf. utsleppsløyve pkt. 2.2 *Prøvetaking*, sid. 7.

Verksemda må sørge for at prøvetakinga er representativ i framtida.

Tal på kontrollprøvar og utsleppskomponentar

Verksemda har ikkje teke tilstrekkeleg mengd prøvar i 2011 og 2012. Prøvane var heller ikkje analysert for alle pålagte utsleppskomponentar, jf. Fylkesmannen sitt brev av 16.8.2012. Tidlegare har ein ikkje teke prøvar av innløpsvatnet, men det blei opplyst ved tilsynet at det blei teke ut prøvar frå både innløpet og utløpet i siste halvdel av 2012.

Fylkesmannen forventar at verksemda tar prøvar i samsvar med utsleppsløyvet i framtida. Verksemda skal ta regelmessige prøvar av både innløpet og utløpet. Tal på prøvar er 12 per år under utbyggingsperioden inntil maksimal belastning i ei dimensjonerande veke vert høgare enn 10 000 pe. Ein skal analysere prøvane for BOF og KOF (døgnblandprøvar) samt tot-P (døgn- eller vekeblandprøvar).

Måling av vassføring

Fylkesmannen har ikkje motteke dokumentasjon på at vassføringsmålinga er innanfor ein uvisse på maksimum 10%. Vi har bede verksemda om å sende denne dokumentasjonen gjentekne gonger, jf. brev av 16.2.2011, 16.8.2012 og ved tilsynet. Fylkesmannen kan likevel ikkje sjå at denne dokumentasjonen er motteke.

Verksemda skal melde tilbake oppdaterte rutinar for prøvetaking (sjå òg avvik 3 internkontroll). Dokumentasjon på vassføring skal sendast innan fristen.
--

Avvik 2: Miljøovervakingsprogram for resipienten er ikkje utarbeidd

Avvik frå Forureiningsforskrifta § 14-9 og utleppsløyve av 20.08.2008 pkt. 2.5.

Grunnlag for avviket er kryssa av nedanfor:

- 2 A) Overvaking av resipient og program for denne er manglar.

Kommentar:

Verksemda har ikkje miljøovervakingsprogram for resipienten (Otra). Verksemda skal sørge for at det settast i gang overvaking av resipienten etter eige utarbeidd program. Dette programmet skal samordnast med nasjonale og/eller regionale overvakingsprogram, og skal omfatte rutineundersøkingar for kartlegging av tilstand i vassførekomstar, for om mogleg å påvise verknader av dei utslepp som blir gjort.

Miljøovervakingsprogrammet skal sendast til miljøvernavdelinga innan 30. mars 2013.

Avvik 3: Internkontroll for avløpsanlegget innanfor temaet *ytre miljø* er ikkje tilfredsstillande.

**Avvik frå: Internkontrollforskrifta § 5 punkt 5, 6 og 7.
Utleppsløyve av 12.12.2011**

Grunnlag for avviket er kryssa av nedanfor:

- 3A) Miljørisikovurderinga er ikkje utarbeidd.
- 3B) Det er ikkje etablert rutinar for risikohandtering av tilhøve med uakseptabel høg risiko.
- 3C) Sikkerhetsdatablad var ikkje tilgjengeleg ved tilsynet.

Kommentar:

Om skriftlege rutinar for drift av avløpsanlegget

Verksemda har ein delvis utarbeidd internkontroll som omfattar nokre rutinar, mellom anna for drift av anlegget. Fylkesmannen merka likevel ved tilsynet at internkontrollen ikkje er i samsvar med utleppsløyvet. Utleppsløyvet var heller ikkje tilgjengeleg på det tidspunktet. Internkontrollen skal sikre krava i utleppsløyvet, og at gjeldande regelverket blir overhalde. Fylkesmannen reknar med at verksemda oppdaterer sin internkontroll med tilhøyrande driftsinstruksar for reinseanlegget, som løyvet krev. Ein kopi av denne dokumentasjonen skal sendast til Fylkesmannen innan fristen.

Verksemda har ikkje utført risikovurdering. Ein skal kartlegge metodisk alle relevante aktivitetar som kan påverke det ytre miljø. Vurderinga skal omfatte risikoanalysar for dei ulike delane av avløpsanlegget og mogelige tiltak med fristar for å førebyggje eventuelle skadar på helse/miljø. Miljørisikovurderinga må òg innehalde aspekt i høve til klimaendringar.

Om sikkerhetsdatablad

Verksemda brukar fellingskjemikalie for reinsing av fosfor. Sikkerhetsdatablad for dette kjemikaliet var ikkje tilgjengeleg i anlegget ved tilsynet. Verksemda ønskte å ettersende databladet etter tilsynet, men Fylkesmannen kan ikkje sjå at denne dokumentasjonen er motteke.

Vi minner også om at verksemda har plikt til å gjennomføre substitusjonsvurdering av brukte kjemikalier.

Vi ber om at verksemda reviderer internkontrollen, inkludert driftsinstruksar og miljørisikovurdering. Sikkerhetsdatablad for fellingskjemikaliet og ein kopi av oppdatert internkontroll, inkludert miljørisikovurdering skal sendast til miljøvernavdelinga innan fristen.

Merknad 1

Verksemda opplyste ved tilsynet at anlegget er overbelasta i påsketida. Samtidig meiner verksemda at belastning på reinseanlegget er låg i andre periodar. Vi minner om at anlegget skal dimensjonerast etter største belastning utrekna per veke. Vi anbefaler difor at verksemda byggjer ut/aukar kapasiteten i anlegget slik det var planlagt, jf. § 11-3 k).

Oppsummering

Fylkesmannen forventar at verksemda sender følgjande dokumentasjonar:

- Ein kopi av internkontroll (oppdaterte driftsinstruksar, oppdatert måleprogram og miljørisikovurdering).
- Sikkerhetsdatablad og substistusjonsvurdering.
- Dokumentasjon på vassføringsmålinga.
- Miljøovervakingsprogram.